



Tony Skår Solheim
Lurevegen 160
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar: Tony Skår Solheim
Vår: 15/406 - 17/4415

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
09.02.2017

Svar på henvending vedrørende søknad om dispensasjon for oppstramming av avkjørsel - gbnr 172/197 Hopland

Vi viser til dykkar e-post dater 12.01.17, ved oversending har de nytta følgjande e-post: postmottak@lindas.kommune.no rett epostadresse er: postmottak@lindas.kommune.no

Som følgje av bruk av feil e-postadresse har ikkje dykkar henvending blitt registrert inn på sak 15/406 før 08.02.17. Vi seier oss leie for dette.

De skriv følgjande i e-post datert 12.01.17:

Vi meiner at det er feil at vi må søke om dispensasjon og etablering av avkjørsel til fylkesveg 402. Dette er på grunn av Vedtak i kommunestyret datert 22.09.2011. Øverst på side 11 står det: "Eksisterande avkjøring til gbnr 172/37 vert sanert. Ny tilkomst er vist via kv 9." Korleis kan kommunen benytte seg av denne avkjørselen uten å søke om dispensasjon? Må også spørre om kommunen har kjøpt vegrett ifb. flytting av avkjørselen? Vi meiner også at dispensasjonen fra reguleringsplanen ikkje er godkjent fordi den aldri har vært nabovarsla. korleis kan kommunen teikna inn eit hus i ein reguleringsplan uten avkjørsel?

Vedtaket de viser til frå kommunestyret datert 22.09.11 er godkjenning av gjeldande reguleringsplan «Seim skule med utbetring av Fv 402/planid. 1263-201007» som eigedommen dykkar er omfatta av.

Arealet som i dag er gbnr. 172/197 var på det tidspunkt planen vart vedteken del av eigedom gbnr. 172/37. Eigedommen vart frådelt frå gbnr. 172/37 og etablert 14.12.14.

Eigedommen hadde tidlegare tilkomst direkte ut på Fv 402. Som ledd i planprosessen vart denne tilkomsten avstengt (regulert vekk) og avkøyrslle til eigedom gbnr. 172/37 vart flytta frå Fv 402 til O_KV9 (KV9 som det er referert til i vedtak i kommunestyret 22.09.11). Flytting av tilkomsten vart til gjennom ein planprosess, ikkje ved dispensasjon.

Planen har lagt ute til offentleg ettersyn og har blitt varsla gjennom fulldistribusjon i Nh-avisa, samt ved brev til tidlegare eigar, Ingvard Bogetveit som aktivt har delteke i reguleringsprosessen (sjå vedlegg - jf.doknr.39 arkivsak 2010/554).



Krav til opparbeiding av reguleringsplan (vegar, avkøyrslar, teknisk infrastruktur mv.) vert gjort gjeldande i det grunneigar søker om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Per i dag er ikkje O_KV9 overteke av kommunen.

Bygningar vist på plankartet i område BF1, som gbnr. 172/37 og 172/197, er omfatta av, var oppført på det tidspunkt planen vart vedteken, og er difor teke med på plankartet. På plankartet er det også synt avkøyring til område BF1 frå O_KV9. På det arealet som i dag er gbnr. 172/197 er det ikkje teikna inn bustad.

Dagens avkøyrslar til dykkar eigedom vart godkjent gjennom dispensasjon i vedtak datert 29.10.13 (vedlagd jf. doknr. 3 arkivsak 2013/3242). I søknaden er det dokumentert rett til bruk av veg over gbnr. 172/1.

Flytting av avkøyrslar til gbnr. 172/37 frå Fv 402 til O_KV9 vart godkjent gjennom planprosessen og innebar ikkje auka bruk av ny regulert avkøyrslar mellom O_KV9 og Fv 402 og utløyste ikkje krav om opparbeiding av avkøyrslar i samsvar med reguleringsplan.



Etablering av bustad på dykkar eigedom krev løyve til etablering av avkøyrslar til O_KV9 som synt på plankartet, samt rett til å bruke veg over gbnr. 172/1. Vidare fører etablering av bustad på eigedommen ei auka i bruk av avkøyrslar mellom O_KV9 og Fv 402, og krev løyve til utvida bruk av avkøyrslar til Fv 402 samt opparbeiding av avkøyrslar i samsvar med godkjent reguleringsplan. Då ein ikkje ville opparbeide avkøyrslar i samsvar med gjeldande plankart, vart saka handsama som dispensasjon.

Det er i søknad om rammeløyve for etablering av bustad på eigedom gbnr. 172/197 dokumentert vegrett over gbnr 172/1.

I e-posten skriv de at dispensasjon frå reguleringsplanen ikkje er godkjent då den ikkje var nabovarsla. Det er uklart kva dispensasjon de viser til, men vi legg til grunn at det er den mellombelse dispensasjonen frå

rekkefølgekrava om opparbeiding av fortau og avkjørsel mellom profil 650 og 1150 på plankartet. Det vart gjeve mellombels dispensasjon i sak 11/2420 i vedtak datert 14.12.2011 av Plan- og miljøutvalet. Det er riktig at dispensasjonen ikkje var nabovarsla.

Vi gjer likevel merksam på at tidlegare eigar, Invard Bogetveit, fekk nabovarsel om rammeløyve om etablering av fortauet (sak 2012/1780, 2013/1886 og 2014/3438). Han har og inngått avtale med Lindås kommune om å avstå grunn til å etablere delar av fortauet på hans eigedom. Det var i nabovarselet vist til utvalssaka der den mellombelse dispensasjonen frå rekkefølgekrava vart gjeve. Det er dermed påreknleg å legge til grunn at førre eigar var kjent med saka.

Faktura i sak 15/406:

Lindås kommune har sendt ut faktura på kr. 21 000 til Robert Solheim Skår, fakturanummer 61012625. Fakturaen gjeld gebyr for handsaming av søknad om dispensasjon og etablering av avkjørsle til fylkesveg 402, i samband med byggesaka på gbnr 172/197. Dersom de meiner at denne fakturaen er adressert til feil person eller at det er feil i gebyret, så ber vi skriftlig tilbakemelding på det. Svaret kan sendast til postmottak@lindas.kommune, merk e-posten med saksnummer 15/406.

Dersom de vil klage på gebyret, må det sendast inn skriftleg klage til kommunen. Fakturaen er lagt på vent inntil vidare.

Informasjon

Lindås kommune vil ha eit møte med Statens Vegvesen når det gjeld kryssa på begge sider av fylkesvegen her, og dei gjeldande reguleringsplanane i området. Det er ikkje sett av tidspunkt for møte enno.

Målet med dette møtet er å finna løysing for dei mjuke trafikkantane frå området ved avkjørsel som går inn mot barnehagen/bustadområda og vidare til skulen. Vidare vil og sjå på løysingane med dei to kryssa som ligg til fylkesvegen, sjå kartutsnitt under.



Vi håper dette var avklarande og at de har fått svar på dykkar spørsmål.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Innspill til reguleringsplan Seim skole (L)(190265)

Løyve til etablering av avkjørslar - gbnr 17237 Hopland (L)(22622)

Kopi til:

Ing.Taule AS

Kvassnesvegen 33

5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Tony Skår Solheim

Lurevegen 160

5912

SEIM